



Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ove Midtbø, 5764 3176

## Oversending - klage - Osterøy kommune - innsyn etter offentleglova - rør og VVS-kart for eigen eigedom - Trygve Tønnessen

Vi viser til vedlagde e-postar frå Trygve Tønnessen 09.08.2023 og 21.08.2023, som også Osterøy kommune har fått kopi av. Tønnessen klagar på manglande svar på krav om innsyn i dokument hos Osterøy kommune.

Statsforvaltaren er klageinstans i saker om manglande innsyn etter offentleglova, jf. offentleglova § 32 første ledd. Etter forvaltningslova § 33 skal kommunen ved klage sjølv vurdere saka på nytt, før klaga og saksdokumenta vert sendt til oss som klageinstans for handsaming.

Statsforvaltaren minner kommunen om at krav om innsyn og klager over avslag på innsyn skal handsamast «*utan ugrunna opphald*», jf. offentleglova § 32.

Vi ber Osterøy kommune om å svare på innsynskravet og handsame klagen i tråd med gjeldande føresegner. Dersom kommunen kjem til at det ikkje kan gis innsyn, skal det sendast eit skriftleg svar med heimel for avslaget. Eit eventuelt avslag skal også opplyse om høvet til å klage og om klagefrist, jf. offentleglova § 31 første ledd.

Dersom eit eventuelt avslag vert klaga på, og klagen ikkje vert teken til følgje, ber vi om at saka vert førebudd som klagesak og sendt til oss for klagehandsaming så snart den er tilrettelagt, jf. offentleglova § 32, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Med helsing

Anne-Kjersti Sande  
fagdirektør

Ove Midtbø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:  
E-postar frå Trygve Tønnesen 09.08.2023 og 21.08.2023

Kopi til:  
Trygve Tønnessen

